



## ADELE HEIDRAR GEORGE MICHAEL

Etter at Adele gjorde ein versjon av låten «Fast-love» frå 1996 på Grammy-utdeling tidlegare i år, syng ho han i den nye George Michael-dokumentaren *Freedom* som kjem på britisk fjernsyn neste veke.

George Michael vart 53 år gammal, og vart funnen død i heimen sin 25. desember i fjor.

Foto: Matt Sayles / AP / NTB scanpix



Haley Fohr får meldaren til å tenkje både på Diamanda Galàs, Laurie Anderson og Meredith Monk. Pressefoto

## VOKALGYMNASTIKK

I stunder kan ein tenkje på ein ikonoklastisk songar som Diamanda Galàs, og då særleg mot det (i positiv forstand) prøvande sporet «A Story Of This World Part II». Og likevel gir ikkje ein slik assosiasjon eit presist bilete av kva slags musikk dette er, når alt kjem til alt. Fohr kan også løfte lyttaren inn i ein lett, drøymande vokalgymnastikk som liknar den vi kjenner frå platene til Meredith Monk – særleg i eit vimsete spor som «Paper Bag», eit vilt kvervlende dragsug av ein komposisjon.

EG VEGRAR MEG OFTE FOR Å NEMNE SLIKE REFERANSAR MED

namn, sidan Walker, Anderson, Galàs og Monk tilhøyrer ei idiosynkratisk åre i eit vanskeleg farbart terreng mellom den esoteriske, uregjerlege populærmusikken og den kompromisslaust søkjande kunstmusikken. Men om du, gode lesar, har eit inderleg forhold til ein av desse artistane og har lista opp, og ikkje har høyrte om Fohr eller Circuit des Yeux før, så er det mykje som kan tyde på at du vil finne noko i denne musikken, og vil ha glede av å oppdage *Reaching for Indigo*.

## ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.

## KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagring@gmail.com

## Lys og mørker

Oslo Strykekvartett utforskar spenninga mellom dur og moll.

## CD



LUDWIG VAN BEETHOVEN, FRANZ SCHUBERT:

## Minor Major

OSLO STRYKEKVARTETT. 2L 2017

Tema for Oslo Strykekvartetts album er forholdet mellom dur og moll, dei to tonekjønna som i dag gjerne blir sette i samanheng med kjenslene «lystig og glad» (dur) og «trist og alvorsamt» (moll). At denne oppfatninga historisk sett er ei grov forenkling, greier kvartetts cellist Øystein Sonstad ut om i den grundige omslags teksten.

## MØRK TID

Første stykket på plata er Ludwig van Beethovens (1770–1827) *Strykekvartett nr. 11*, op. 95, som går i den tragiske tonearten f-moll. Stykket blei til kring 1811, som var ei mørk tid for komponisten. Han hadde nemleg bede om handa til to kvinner, som begge takka nei. Sjølv om han alltid hadde ynskt å stifte familie, blei det aldri noko av. Det hadde fleire grunnar: Som Wiens fremste musikkgeni hadde han tilgjenge til byens finaste sosietet, men damene han møtte og fall for der, var som regel langt over hans stand – ekteskap mellom ein middelklassemann og ei adelskvinne ville bli skandale i Wien den gongen. Dessutan var han tverr og ubeknekt. Var han i godlyne og sjarmerte folk i senk eine kvelden, kunne han ha svart-



Oslo Strykekvartett blei grunnlagt i 1991. Foto: Bo Mathisen

synet over seg neste kvelden og fornærma alt som kraup og gjekk. I tillegg var det dette med utsjånaden. Kroppsvask og hårstell brydde han seg lite med, og kjøpte han seg ei dyr og stilig drakt, noko han stundom gjorde, bar han henne kvar einaste dag til det berre var filler att.

## RETORISK OVERTYDING

Verket er eit av dei få som Beethoven sjølv gav tilnamn, nemlig *quartetto serioso*. Det syner ein uvanleg komprimert komposisjonsmåte, med tette harmoniar og intense melodiar som blir intensiverte gjennom abrupte pauser. At Oslo Strykekvartett greier å hanskast med dei mange brå skifta mellom dystopi og glimt av solskin, merkar me i dei første taktane av fyrstesatsen *allegro con brio* («raskt og energisk»), for *unisono*-partia, der alle instrumenta spelar éin og same melodi, har eldhug og retning, og generalpausane, der alle

instrumenta teier, er utførte med retorisk overtiding.

## BIVRANDE AKKORDAR

Det andre stykket på plata er Franz Schuberts (1797–1828) *Strykekvartett nr. 15 i G-dur*, D 887, som er den siste strykekvartetten hans. Her er òg vekslingar mellom ljøs og mørker, men Schubert tek seg meir tid enn Beethoven til å etablere stemningane og variere dei musikalske temaa. Durpassasjen, som byrjar i takt 15 i opningssatsen *allegro molto moderato* («moderat raskt»), der fyrstefiolinen har melodi og resten av strykarane bivrar på linne akkordar, er noko av det vakraste og såraste og kjennar frå Schuberts hand. Også her evnar Oslo Strykekvartett å fanga stemninga i dei ulike kjensleuttrykka.

## SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musiker og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

## Songleg cellospel

## CD



SERGEJ RACHMANINOV, DMITRIJ SJOSTAKOVITSJ:

## Cello Sonatas

AUDUN SANDVIK, CELLO; SVEINUNG BJELLAND, KLAVER. LAWO 2017

På kvar sin måte er dei spesielt russiske, dei to sonatane som her er spela inn av bergensaren Audun Sandvik, som er solocellist i Kringkastingsorkesteret, og Sveinung Bjelland frå Stavanger, som er klaverprofessor ved Noregs Musikkhøgskule. Sergej Rachmani-

novs (1873–1943) seinromantiske *Cellosonate i g-moll*, op. 19, er prega av det songlege me kjenner frå den berømte andre klaverkonserten hans, som òg blei til kring hundreårsskiftet. Typisk russiske er dei lange, rolege melodiane som blir kontrasterte av snøgge, jamne rørsler i akkompagnementet. Spesielt effektfulle er stadene der celloen måler melodien, slik tilfellet er om lag eitt minutt ut i fyrstesatsen, der Bjelland verkeleg får celloen sin til å syngja.

Songleg er òg opninga av Dmitrij Sjostakovitsjs (1906–1975) *Cellosonate i d-moll*, op. 40 (1934). Men her er karakteren meir plaga, særleg i den bur-

leske andresatsen, som har ein umiskjenneleg atterklang av russisk folkesong.

## SJUR HAGA BRINGELAND



Audun Sandvik (t.h.) og Sveinung Bjelland spelar russiske cellosonatar. Foto: Anna-Julia Granberg

